



Rolf Tufte
Moldekleivmarka 26A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4524 - 15/2532

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
11.02.2015

Mangel- Søknad om oppføring av støttemur på gbnr 27/237 på Moldekleiv

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad mottatt 24.10.2014 og manglande dokumentasjon mottatt 26.01.2015. Etter gjennomgang av søknaden ser administrasjonen at det er opplyst ulike opplysningar i teikningane enn søknaden og nabovarselet. Vi ber om at dette blir redegjort for og at de riktige opplysningane blir sendt inn og nabovarsla. Følgjande må oppklarast og sendast kommunen:

- Det er i nabovarselet varsla at forstøtningsmuren skal vera 1,5 meter høg. Tilleggsdokumentasjonen administrasjonen mottok 24.01.2015 er muren innteikna med ei høgde på 1,8 meter. Administrasjonen ber om at det blir sendt inn dokumentasjon der søknad, kart, teikningar og nabovarsel samsvarar med det som er tenkt oppført. Skal muren vera 1,8 meter høg slik teikningane viser, må tiltaket nabovarslast på nytt. Skal tiltaket vera 1,5 meter slik som er nabovarsla, må det sendast inn nye teikningar til kommunen.
- Skal muren vera 1,8 meter høg utløyser det krav om ansvarsrett for SØK/PRO/UTF etter Plan- og bygningslova (Pbl) § 20-1. Søknadsskjema etter Pbl § 20-1 må fyllast ut av eit føretak godkjent for ansvarleg søkjar funksjonen (SØK), og det må søkjast om ansvarsrett for prosjekterande (PRO) og utførande (UTF). Tidligere innsendt søknadsskjema etter Pbl § 20-2 utgår.
- Målsatte kart og teikningar skal leggest ved nabovarselet.
- Meland kommune har mottatt kopi av utskrift frå direktoratet for byggkvalitet på at føretaket Ovimar Bygg Service AS er sentral godkjent for UTF. Det er ikkje lagt ved sjølv søknadsskjema om ansvarsrett for føretaket. Slik administrasjonen forstår det, skal dette føretaket ha ansvaret for utførande på murarbeidet. Søknad om ansvarsrett må sendast kommunen.
- Muren er plassert i nabogrensa til gbnr 27/225. Det må sendast inn erklæring frå eigar av gbnr 27/225 med samtykke om oppføring av støttemur i felles grense.

Om skulle vera uklart, ta gjerne kontakt!

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Kap. 20 i Plan- og bygningslova er gjeve.

Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil søknaden verta teke fram til ordinær handsaming. Dette til Dykkar orientering.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang av søknaden.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Rolf Tufte

Moldekleivmarka 5918
26A

FREKHAUG